

Årsmøteprotokoll Hordaland skiskytterarkrets 23.mai 2019, Fleischer's Hotel, Voss



Sakliste

1. Godkjenning av frammøtte representantar
Årsmøtet godkjende frammøtte representantar. 22 personar deltok på årsmøtet som vart halde på Fleischer's Hotell. Alle medlemsklubbane var representert, med unntak av Viking som ikkje har hatt aktive utøvarar denne sesongen.

Fana IL: Brith Line Øverland, Børt Carlsen, Roar Bye og Steinar Barmen.
Eldar IL: Frank Nummedal, Hilde Knapstad Tveite.
Vik IL: Trude Undebakke, Bjartmar Rinde og Bjørn Tore Årevik (også i NSSF).
Odda IL: Ørjan Angell og Laila Espe Angell.
Kvam LSK: Silje Laupsa Mo, Sigve Mo, Sissel Børve, Odd Arne Botnen.
Hålandsdal IL: Jostein Solvang.
Voss SSL; Jarle Tvilde, Arnt Roger Vaksdal, Stian Lyngsgård, Turid A Fosse, Lars Fosse og Unni Fosse.
2. Godkjenning av innkalling, sakliste og dagsorden
Årsmøte godkjende innkalling, sakliste og dagsorden.
3. Val av møteleiar, referent og to representantar til å skriva under møteprotokollen
Møteleiar: Steinar Barmen
Referent: Unni Fosse
Signering av møteprotokoll: Sigve Mo og Trude Underbakke.
4. Årsmelding
Årsmøte godkjende årsmeldinga.
Vart litt diskusjon rundt bruk av heimesida kontra facebook. Årsmøte var einige om at noko info bør liggja på heimesida, t.d. terminliste og andre permanente saker. Løpande info kan liggja på facebook-sida. Bjørn Tore Årevik informerte om at NSSF jobbar med ny nettside der alle kretsane skal få eiga fane. Nettsida skal vera oppe å gå til sesongstart. Skal bli lettare å bruka. Skal ivareta personvern.
5. Rekneskap og budsjett
Ørjan og Laila hadde ordet.
For å få full symmetri mellom inntekter og kostnader i rekneskapsåret, er alle kostnader og inntekter i perioden 01.01.19 – 30.04.19 avsett i 2018 rekneskapet. Dette er gjort fordi rekneskapet vil følgja skiskyttarsesongen og fordi dei fleste inntekter er tilknytt sesongen og ikkje rekneskapsåret. Rekneskapen viser eit underskot på kr. 72 375. Forklaringa på underskotet er uklarheit rundt hotellbestillingar og avbestillingsfristar, nokon opprydningskostnader frå tidlegare år samt kostnader for to sesongar med premiar (endra avsetningspraksis).
Revisor uttalte at rekneskapen er markant betre enn tidlegare år.

A

Berre kretsutviklingsmidlane som vil bestå til neste år. Kan søka til VM-fondet. Avsett ein del midlar som klubbar og kretsar kan søkje på. Spesifikk jentemidlar går vekk. Aktivitet i klubbane kan meldast inn som kurs. Mykje aktivitet genererer støtte, lite aktivitet genererer mindre støtte. Tek alle kostnader på våren og set som avsetning. 2 overnattingar kretsen har betalt for som ikkje vart brukt. Revisor sin uttale: Elles god kontroll på alt. Underskot på kr 72 375 skuldast uforutsette ting, elles hadde ein gått i null. Budsjett; må vera nøktern.

6. Innkomne saker

Ingen innkomne saker innan fristen.

7. Fastsetjing av kontingent

Kontingenten auka til kr 3000 i fjor. Styret foreslår at kontingent er som i fjor. Årsmøte vedtok å halda kontingenten på same nivå som i fjor.

8. Kretsteam 2019/2020

Mange har slutta. Det blir ikkje att Team på Lillehammer. Per i dag 2-3 løparar på Lillehammer som ikkje er del av team. Desse må bli støtta individuelt då det er ynskjeleg at dei representerer Team Gla'laks. Innspel frå Bjørn Tore: Vurdera å betala eit team på Lillehammer for at utøvarane kan vera med på dagleg trening.

2- 3 sr løparar i Hordaland, hjelpa individuelt.

Team Gla'laks 17-20 år; Består av utøvarar frå Voss, Hålandsdal, Kvam og Fana. Steinar har fått tidspunkt for skulane sine samlingar frå Knut Steinar Skiple og Ann Elen Skjelbreid. Må unngå at teamet sine samlingar kolliderer med skulane sine samlingar. Børt Carlsen er koordinator for gruppa men alle foreldre som har utøvarar på teamet må bidra. Det vart diskutert om det er nødvendig med ein hovudtrenar som er med på samlingar? Ein raud tråd i samlingane. Eivind Rundberg og Rune Åland er eventuelle kandidatar.

Jostein Solvang tok opp at tidlegare hadde ein forbundslag/Team Statkraft. No er desse erstatta at private lag. Uheldig for dei som ikkje kjem med på desse teama, men som ynskjer å satsa. Bjørn Tore forklarte at bakgrunnen for at forbundslaga blei lagt ned var utgåande avtalar og utfordringar med å få nye sponsorar. Krevjande då sponsorane krev mykje. Manglar per no ca 3 mill kr. Mål; få opp att inntektene. Då vil det etter kvart bli meir midlar til kretsane.

9. Val

Sissel hadde ordet.

Valnemda sitt forslag til styre HSSK sesongen 2019/ 2020

Steinar Barmen	– Fana IL	– leiar, vald for 1 år
Ørjan Angell	– Odda IL	– 1 år att, ikkje på val
Jostein Solvang	– Hålandsdal IL	– 1 år att, ikkje på val
Unni Fosse	– Voss SSL	– vald for 2 år
Silje Laupsa Mo	– Kvam LSK	– vald for 2 år
Hilde Knapstad Tveite	– IL Eldar	– 1 år att, ikkje på val
Bjartmar Rinde	- Vik IL	– 1 år att, ikkje på val

Valnemnd:

Bjørn Tore Årevik (2 år)

Sissel Aase Børve (1 år)

Jan Terje Berlandstveit (1 år)

Val av revisor:

Roar By (1 år)

10. Ymse. Avsluttande runde for spørsmål – kommentarar

Steinar hadde ordet. Informerte frå vårmøte no i mai:

- Office 365 – felles sky for overføringer av info (årsmøter, referat mm)
- 22. mai Webinar, youtube, kl 09.00
- TD2 kurs høsten 2020. HSSK har to TD 2 i kretsen. Treng fleire. Krevst TD 2 til NC, NM, LM.
- 20 deltakere i NM finale – alle jenter. Innspel frå Lars Fosse om 30 jenter med på NC-finale. Kan ikkje slå saman to klassar. Bør fylla opp startfeltet. Bjørn Tore informerte om at det då vil vera større %-andel jenter som får delta enn gutar. BT tek dette vidare til forbundsstyret.
- 30 deltakere i NM finale – alle gutter
- Juniorklassen 20-21 vs. 20-22 hva bestemmer NSSF? IBU vedtak. Det ligg ei spørjeundersøking ute på forbundet sine heimesider. Steinar oppfordra årsmøtedeltakarane til å svara på undersøkinga.
- NM – ei helg i slutten av sesongen:
 - Fredag sprint/normal annan kvart år
 - Lørdag fellesstart
 - Søndag stafett
 - Jaktstart går ut som NM øvelse
 - 15/12,5 km 45 sekund tillegg på normal
- Fluor – holdning/foreldre, leverandører, produkter.
- Utdanningsansvarlig – trenerkurs
 1. TR1 11-12 år
 2. TR2 13-16 år
 3. TR3 17-19 (senior)
 4. TR4 landslag, toppidrett

Eksisterende trenere T2 tilbys oppfrisking opp mot ny TR2
Ulike lengder på kursene – e-kurs, praksis,
Må ha TR2 kurs i kretsen, tilknytt YoungStar. Kretsstyret må ta initiativ.
Det skal vera ein Utdanningsansvarleg i kvar krets. Lønna oppgåve, ca kr 250 per time. Forbundet betalar ut etter timar. Har ikkje lukkast å rekruttera nokon i HSSK. Per i dag står Steinar oppført som utd.ansvarleg.
Bjørn Tore informerte om at utviklingstrappa byrjar med 11-årsklassen. Han har teke dette opp i forbundet, at det er viktig å satsa på ungane før dei blir 11 år, viktig for rekruttering. Har fått gjennomslag på dette, så det er eit avvik i forhold til utviklingstrappa.




- **Rapportering innan 20. mai**
- **Ny plan inne 15. juni**
- Utviklingsplan, kurs – gir støtte pr lisensinnehaber – Gjensidige stiftelsen 1 mill.
 1. trenerkurs
 2. Antidoping kurs
 3. skiskytter skole
 4. Mødre kurs
 5. TD kurs.
 6. innføringskurs
 7. arrangørkurs
- Skiskytter med MOT! Young Star utdeling – Natrudstilen premie
- Young Star samling- kretsen held hus, mat og innkalling + trenarar, NSSF stiller med kompetanse
- Lisenstall – sportsadm. Oppmoda dei som legg opp om å betala lisens. Er då forsikra når ein trenar.
- Bjørn Tore informerte om at skiskytterne ikkje skal vera med på NM veka, så skiskytterne kjem til NM rullleski på Voss i 2020. NSSF jobbar med at nrk skal ha minimumstid på sending frå NM både vinter og sommar. Dei har mista nordiskw greiner. NRK skal ta kostnadane.
- Hilde Knapstad Tveite informerte om samlingar for 13-16 år. Satsingsområde med samlingar frå hausten. Ei rein gutesamling med Bjarte M som trenar og ei jentesamling med Jorid som samling. Jentesamlinga har vore felles med Sogn og fjordane.
- Bjørn Tore informerte om at gjennom samarbeid med Gjensidige stiftinga har forbundet fått midlar til å tildela fyrstehjelpskurs, hjartestartar mm. Vik, Eldar og Voss fekk tildelt. Vik og Voss skal ha nasjonale arrangement, Eldar hadde NC for ikkje lenge sida, Kan vera aktuell reservearena. Verdi på ca 90 000.

Voss 26.mai 2019

Unni Fosse

Referent

Sign.



Sign.



- Rapportering innan 20. mai
- Ny plan inne 15. juni
- Utviklingsplan, kurs – gir støtte pr lisensinnehaber – Gjensidige stiftelsen 1 mill.
 1. trenerkurs
 2. Antidoping kurs
 3. skiskytter skole
 4. Madre kurs
 5. TD kurs
 6. innføringskurs
 7. arrangørkurs
- Skiskytter med MOTI Young Star utdeling – Natrudstilen premie
- Young Star samling- kretsen held hus, mat og innkalling + trenarar, NSSF stiller med kompetanse
- Lisensstall – sportsadm. Oppmoda dei som legg opp om å betala lisens. Er då forsikra når ein trenar.
- Bjørn Tore informerte om at skiskytтарane ikkje skal vera med på NM veka, så skiskytтарane kjem til NM rullleski på Voss i 2020. NSSF jobbar med at nrk skal ha minimumstid på sending frå NM både vinter og sommar. Dei har mista nordiskw greiner. NRK skal ta kostnadane.
- Hilde Knapstad Tveite informerte om samlingar for 13-16 år. Satsingsområde med samlingar frå hausten. Ei rein gutesamling med Bjarte M som trenar og ei jentesamling med Jorid som samling. Jentesamlinga har vore felles med Sogn og fjordane.
- Bjørn Tore informerte om at gjennom samarbeid med Gjensidige stiftinga har forbundet fått midlar til å tildela fyrstehjelpskurs, hjartestartar mm. Vik, Eldar og Voss fekk tildelt. Vik og Voss skal ha nasjonale arrangement, Eldar hadde NC for ikkje lenge sida. Kan vera aktuell reservearena. Verdi på ca 90 000.

Voss 26.mai 2019

Unni Fosse

Referent

Sigrun Mo

Sign.

Hilde Unni Tveite

Sign.